

Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 1 — MARS 1976
9. ÅRGANG



«Til søndagsskolen går vi!» Her i Ytre Arna er det en glad og fornøyd barneflokk som møtes på Frelsesarmeen. Det er Sigv. Storheim med frue og hjelpere, som forteller oss om Jesus og viser oss vegen til barnas beste venn. Vi sakner offiserer, men vi kommer likevel for å høre om Jesus.

Fra Krigsropei.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utjevar: Sokneråda i Arna.
Redaktørar: Ingvar Fykse, Åge Clausen.
Redaksjonsnemnd: Finn Halle Tvedt, Harald Haugsvær, Knut Brakestad.

Forretningsfører: Monrad Ulveseter.
Bladpengar: Kr. 15,—. Postgiro 310444.
Dagens Trykkeri, Bergen.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna:

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10—11.30.
Torsdag kl. 17.30—19.00. Tlf. 24 04 00.

Prestekontoret Ytre Arna:

Kontortid: Torsdag kl. 18.00—19.00.
Fredag kl. 10.00—11.30. Tlf. 24 13 25.

Adresser:

Sokneprest Finn Halle Tvedt, Vollaveien 31, Indre Arna tlf. 24 02 72.

Res. kap. Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Diakonklokkar Åge Clausen, Stølsveien 96D, Indre Arna, tlf. 24 03 42.

Kontortid prestekontoret I. Arna tysdag 18.00—19.00 og torsdag 11.00—12.30.

Klokkar Per Sæle, Skuleveien 10, Ytre Arna, tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal, Stølsveien 25, Indre Arna, tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriveien 20, Eidsvåg, tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsveien 15, Indre Arna.
Kan treffast i Borgstova, tlf. 24 07 39, tysdag og torsdag 17.00—18.00 og onsdag og fredag 10.00—11.00.

Vik. kyrkjetenar Johs. Litun, Peter Jebbensvei 32, Ytre Arna.
Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth, Indre Arna, tlf. 24 05 69, kontortid mandag—fredag 12.00—13.00.

Soknerådsformann i Arna, Ingmar Ljones, Stølsveien 111A, tlf. 24 15 94.

Soknerådsformann Ytre Arna, Ingvar Fykse, Gamleveien 8, Ytre Arna, tlf. 24 13 25.

Kyrkjelydsarbeidarar i Arna, Ingrid Garnes og Angunn Hope, tlf. 24 07 39.

Livskursen

Alle veit me at når eit skip skal ut på ei ferd, må kursen for ferda stikkast ut og planleggjast for at ferda skal gå mot det rette målet. Og losen må veru med og føra skipet vel ut om alle holmar og skjær, dersom ikkje det heile skal enda med forlis.

Menneskelivet er som ein seglas lik skipet sin. Me kallar det ferda over livsens hav. Men for menneskje ligg der to vegar som dei sjølv fritt får velgja. Den rette kursen fekk me i dåpen. Den kursen fører til himmelen og det evige livet der, og vår los var Jesus Kristus. Men mange valde seinare å leggja opp ein annan kurs for livet. Synda og det vonde fekk overtaket, og den rette kursen med Bibelen som kart og med Jesus som los, vart vraka. Men denne sjølagde kursen fører berre til ein stad, fortapinga. Kva veg går du som les dette? Jesus har sagt det so klart i sitt ord: «Eg er vegen sanninga og livet, ingen kjem til Faderen utan gjennom meg». Vil du godtaka denne kursen for livet ditt, eller vil du halda fram på synda sin veg? Det er ikkje på mote å tala om synd i vår tid. Alt skal vera tillete. Men då treng me ta til oss dei alvorlege orda i Bibelen der det heiter: «At ein dag skal kvart kne bøya seg, og kvar tunga sanna at Jesus Kristus er Herre til Gud Faders ørar. Guds Ord er sanning, difor må du sjå dette i augo, at dersom du vil fara din sjølagde veg her i livet so vil det enda ille med deg. Kom ihug kongesonen brudlaup der det var komen inn ein som ikkje hadde brudlaups-klednad på. Da kongen såg han sa han desse orda som vel måtte vekke ein kvar: «Bitt hender og føter på han, og kasta han utanfor i myrket der dei gret og skjær tenner». Skal me koma oss velberga heim til himmelen og ikkje møte ei stengd himmeldør, er vår berging i Jesus og han blod. Der kan me få reinsa av alle syndeflek-ker, slik at brudlaupsklednaden er rein og kan stå seg for Gud. Då vil og livskursen gå mot himmelen. Bøydine kne her i nåde-tida, so du ikkje på den siste dagen må verta kasta ut i den evige fortapinga. Berre fordi du valde å tena synden og verda med livet ditt. Me er alle dyrt kjøpte av Jesu eige blod. Kasta ikkje vrak på det uskuldigaste og reinaste blod som har runne på jord, til frelsa for kvar einaste menneskesjæl. Den som går til Jesus med alt, vil møte ein kjærleg Frelsar som tek seg av barnet sitt. Men den som vender seg burt og går sin eigen veg, vil til sist møte ein Domar som er nådeløs i sin dom over synda. Velg difor rett og velg i tide, før di tid er ute.

O. H.

Ten Sing

Som sikkert dei fleste er merk-same på, er det i full sving eit Ten Sing kor i kyrkjelyden. Arna Ten Sing som er to år gamalt har alle-re sett sitt preg på ungdoms-gudstenester og andre kyrkjear-rangement.

Koret tel omlag 48 medlemmer, forutan eit orkester på omlag 4. Koret øver kvar torsdag kl. 18-21 i Arna Kyrkje. Alderen på medlem-ane er 14 år eller eldre.

Føremålet med å driva Ten Sing koret er fyrst og fremst at unge (og eldre) skal få læra Jesus å kjenna og koma til tru på Han.

I og med at dette er eit kor seier det seg sjølv at det er song og mu-sikk som er samlingspunktet.

I dei seinare åra har det vore ein eksplosjon av nye kristne sengar, og «gamle» sengar som er kome i «ny» utforming. Det er ikkje usan-synleg at kyrkjelyden gjennom Ten Sing kan få eit betre kjennskap til desse.

Men Ten Sing er ikkje fyrst og fremst eit kor som skal presentera nye og gamle sengar for eit publi-kum eller ein kyrkjelyd. Ten Sing er ein stad der dei unge kan få koma i eit miljø der det som prega mil-jøet er song og musikk til Jesu æra.

Vil du vera med? Møt opp på tors-dag!
A. H.

Arna Unge Hjem

Vi satser på følgende arrange-menter våren 1976:

Torsdag 11/3: Ådnamarca skule kl. 20. (Emnet ikke klart).

Torsdag 8/4: Ådnamarca skule kl. 20. (Emnet ikke klart).

Søndag 9/5: Familietrim (NB. søndag.) m/kaffe- og bruskos.

Lørdag/søndag 12. og 13. juni: Familieweekend på Sætervika i Samnanger.


Vi ønsker alle velkomne i Unge Hjem.

Ungdomens diakonateneste

UNGE I TENESTE:

Ei ny forståing av kor naudsynt det er å gjera noko for eins med-menneske veks no fram. Gjennom

ikkje nokon ny organisasjon, men ei gruppe unge (fleksibel alder) som ynskjer å gjera noko praktisk i sin kyrkjelyd/sitt lokalmiljø. Gjennom si verksemd kan dei vera med å tilfredstilla nokre av dei behov ein dei eldre, einslege, sjuke, funksjons-hemma set med. På denne måten får denne tenesta ein oppsøkjande funksjon blant menneske ein søkjer å hjelpa. Og ho vil vera eit kontakt-organ der ein kan venda seg når ein treng ei handsrekning på ein eller annan måte.



massemedia og personleg verknad vert ein stendig råka av det faktum at ein kan ikkje lenger leva isolert og berre tenkja på «seg og sitt». Ikkje minst blant unge menneske finn ein eit sterkt ynskje om å bryta ut av denne ringen, eit ynskje om eit meiningsfylt engasjement.

Ein har lyst å gjera noko, gjera sindel av oppgåva. Problemet er «berre» kva ein skal gjera, kva EG kan gjera.


Samstundes som denne lengtinga etter å gjera noko for medmennes-ket veks fram, kjenner me til den aukande nauda.... i verda. — Men kjenner me til at det også i vår eigen kyrkjelyd — i Arna, er men-neske som på sin måte lid naud.

Dei manglar korkje mat eller hus, men menneskeleg kontakt, nokon som friviljug og utan vederlag kan yta nokre tenester for dei. *Vera medmenneske!*

— Ungdommens diakonateneste er

— Og ein handsrekning kan vera så mangt: vedhogging, snømåking (i det siste har me jo hatt litt snø), «ein omgang med fille og bøtte», assistere ved ein event. ommøbler-ing, tunge møblar som skal flyttaast på t.d., gå ærend, ha regelmessig kontakt der ein kan prata om laust og fast.

Kort sagt: me er ein del i denne gruppa og kan difor ta ulike opp-



gåver. Ta kontakt med diakon-klokkaren Åge Clausen eller den

diakonale eitt-åringen Ingrid Garnes dersom du ynskjer å dra nytte av denne tenestegruppa.

— Passar dette for deg? Kan du gjera noko her? Så sant du er viljug til å «ta eit tak» og har lyst å vera med, så er du hjarteleg velkomen! Det er mange oppgåver (vonnar me no får fleire «oppdrag») som ligg og ventar at det vil ikkje verta noka problem å finna noko som passar akkurat deg.

Rundt juletider meldte det seg ein delunge til denne tenestegruppa, og pr. i dag er det med omlag 15 ungdommar. Dei fleste har vore i aktivitet fleire gonger og oppgåvene har vore frå husvask til underhaldning i ulike samanhengar. Noko har vore eingongsoppdrag, andre vert meir regelmessige.

KVIFOR EI DIAKONITENESTE?

Guds kjærleik vart personleg og aktuell i verda då Jesus «gjekk ikring og gjorde vel». Etter hans



himmelfart er ansvaret lagt på venene hans, dei som trur på han.

Vår teneste som kristne menneske kjem ut frå ei personleg haldning til Jesus som Frelsar og Meister. «Kristi kjærleik tvingar

meg.» 2. Kor. 5, 14. Denne kjærleik er ikkje humanitet, men noko som kjem utanifrå TIL mennesket. Kjærleiken er den største gåva.

Me er kalla til å vera menneskefiskarar dvs. å gå ut i verda å vinna menneske for Guds rike. Men ein kristen er *også* kalla til å gjera kjærleikens gjerningar. I likninga om den varmhjarta samaritan — Luk. 10, 25-37 - kjem spørsmålet om vårt forhold til nesten fram. — Og Jesus undrestrekar at det avgjerande *ikkje* er kven som er min neste, men om eg *viser meg som andres neste* i aktiv teneste.

I. J. G.

ARNA HELSELAG

Årsmøte i Arna Helselag vert halde på Arna kafé, Indre Arna. **torsdag 18. mars 1976 kl. 18.00 (6.00)** Vanlege årsmøtesaker. Foredrag v/ dr. Thomas Reistad. Bordseta.

Utlodning.

Alle er velkomen.

STYRET.

ARNA PRESTEGJELD 1975

— utdrag fra årsstatistikken

Ordinære gudstenester	96
Ekstraordinære gudstenester	40
Fødde	198
Døpte	174
Konfirmerte	177
Vigde	60
Nattverdgjestar	1616
Jordfeste	53
Innmelde i kyrkja	1
Utmelde or kyrkja	22
Innkome ved offer/kollekt i kyrkjene	kr. 71.555.-

Prestegarden i Arna — kva no?

Ja, det er fleire i Arna som stiller seg det spørsmålet, etter at kommunen kjøpte Vollaveien 31 til bustad for soknepresten.

Det er framleis staten v/ Opplysningsvesenets fond som eig både grunnen og bygningane. Kva som no vil bli gjort derifrå er uvisst.

Straks det vart klårt at hovudbygningen ikkje lenger skulle vere bustad for soknepresten, tok soknerådet skriftleg kontakt med departementet og sa seg interessert i å drøfte eventuelle vilkår for overdraing av bygningane til kyrkelyden. Dette blei gjort så tidleg som i april i fjor, men til tross for ei purring, er det ikkje kome reaksjon frå departementet. Dette er berre å beklage. Det må snart kome til ei avklaring, for huset forfell fort når det ikkje bur folk der.


Prestegarden er meir enn 100 år og ligg sers vakkert til. Eit stykke bygdekultur står her i fare for å gå tapt. Når det synte seg uråd å få

styresmaktene med på ei skikkelig vøla av bygningen, så han framleis kunne gjera teneste som prestebustad, må det vera eit rimeleg krav at bygningane og tunet omkring må koma kyrkelyden til gode på eitt eller anna vis. Vi har sårt bruk for menighetshus i Arna, og her kan vi ha ein sjanse som kanskje ikkje kjem att.

Som kjent vert huset nytta til kontor for sokneprest og diakonklokkar. Kontortilhøva for dei er langt frå tilfredsstillande. Særleg gjeld det forholda som soknepresten må arbeide under. Dei må karakteriserast som uverdige. Her har vi imidlertid god von om at sakene vil retta på seg med det første, i det planane med innreing av «Borgstova» til kontor både for sokneprest og diakonklokkar er komne langt.

Kva med prestegarden? NO tek det til å haste!

I. F.



Skal kyrkjebladet halda fram?

Eit dumt spørsmål synest sikkert dei fleste. Klart bladet må halda fram!

Men om spørsmålet er dumt, er det likevel høgst aktuelt. Ganske enkelt fordi vi får bladvengar frå så få. Berre omlag 30% av dei som får bladet betaler for det. Og det kan ikkje gå i lengda, ikkje med dei utlegg til trykking og porto som vi har. Ved utgangen av året var bidets manko på meir enn kr. 5.000.-.

Når bladet ikkje kan koma ut ein

gong i månaden, som føresetnaden opphavelig var, har det økonomiske årsakar. Og når første nummer i dette året ikkje kom for no, er grunnen rein og skjær pengemangel. Dette må rettast på!

Vedlagt fylgjer postgiro innbetalingssblankett for kontingent 1976. Gå i posten og betal i dag, kr. 15.-.

Gaver til bladet tek vi også mot med takk.

Helsing
red.

Bispedømemøte for Bjørgvin bispedøme

vert halde i Bergen 30. — 31. mars i år. Det er kvart 4. år bispedømerådet innbyr representantar frå alle kyrkjelydar alle prestar til ei slik storsamling, som gjerne kan reknast som bispedømetet si generalforsamling.

Bispedømemøtet i år er det 40. i rekkja, og kjem denne gongen eit år føre planen (siste møte var våren 1973). Grunnen er den at det skal heldast omfram Friviljug Kyrkjeleg Landsmøte til hausten, og det er bispedømemøtet som vel utsendingar til landsmøtet.

Dei to hovudtema på møtet vert *Stat og kyrkje* og: *Kva er då eit menneskje?*

Bispedømerådet ser begge disse emna som svært viktige, både ein-skildvis og i samanheng. Som kjent er både sokneråd og prestar bedne om reaksjon på innstillinga frå stat/kyrkje-kommisjonen innan utgangen av i år. Det er å vona at drøft-

inga på bispedømemøtet kan gje impulsar til den fråsegna som seinare skal utarbeidast.

Biskop Per Jukvam vil halde foredrag om det første emnet. Som alle veit var han medlem av kommisjonen. Dette bispedømemøtet vert det siste i hans embetstid i Bjørgvin. Det andre emnet vil den svenske biskop Helge Brattgård ta opp. Biskop Brattgård er kjent av mange frå tidlegare vitjingar i Bjørgvin. Forutan prestane er det vald 10 utsendingar frå Arna prestegjeld til bispedømemøtet.

PRESTEGJELDSTEVNE

for Den Norske Sjømannsmission blir i Ytre Arna søndag 21. mars. Det blir gudsteneste i Ytre Arna kyrkje ved heimsekretær, pastor Halvdan Bondevik. Etter gudstenesta fest i Ytre Arna bedehus.

Piano i Arna kyrkje

Mange har sikkert for lengst lagt merke til at det er kome piano i Arna Kyrkje. Det var fleire grunnar til at vi kjøpte instrumentet. Viktig var omsynet til det nystarta Ten-Sing koret vårt, når dei skal øve eller opptre. Men også når vi får andre kor eller sangkrefter på vitjing, kjem eit piano jamt vel med. Når vi med tid og stunder får oss kyrkjelydshus, vil det sjølvstgått få sin permanente plass der. Instrumentet er utstyrt med transporthjul og solide bærehandtak, så det er lett å flytte. Pianoet er av typen «Schimmel», og skal etter det folk seier, vere eit godt instrument som høver til formålet. Prisen var kr. 12.950.-. Vi oppnådde kr. 1.450.- i spesialrabatt. Likevel ville det

blitt for mykje for soknerådet si kasse, om det ikkje hadde vore for gåvane frå personar og institusjonar i kyrkjelyden. Vi tykkjer det er rett å nemne bidragsytarane. Minngåve etter Gudrun Ytrearne til Arna kyrkje (mottatt på gravferdsdagen hennar, mai 1974)

Legatmidlar ca kr. 800
Haus Sparebank kr. 1000
Bydelsutval 11 (Indre Arna) kr. 2000
Bydelsutval 12 (Espeland) kr. 1350
tilsammen kr. 10.150

Pianokrakken er gjeven av ein som ynskjer å vere anonym.

Soknerådet ynskjer gjennom kyrkjelydsbladet å takke alle bidragsytarar som har gjort dette innkjøpet moglege.

Frans av Assisis bønn

HERRE.

Gjør meg til redskap for din fred.

La meg bringe kjærleghet der hatet råder

La meg bringe forlåtelse der urett er begått

La meg bringe enighet der uenighet råder

La meg bringe tro der tvilen råder

La meg bringe sannhet der villfarelse råder

La meg bringe lys der mørket ruger

La meg bringe glede der sorg og tyngsel råder.

MESTER.

La meg ikke søke så meget å bli trøstet som å trøste

Ikke så meget å bli forstått som å forstå
Ikke så meget å bli elsket som å elske

Ti det er gjennom å gi at man får

Det er ved å glemme seg selv at man finner seg selv

Der er ved å tilgi andre at man selv får tilgivelse

Det er ved å dø at man oppstår til evig liv.
Amen.

BARNEPARKERINGA

undergudstenestai Ytre Arna måtte innstillast inn til vidare. Grunnen var at ein vanleiðning sprøg i 3.

høgdi Gamleheimen og nesten heile huset vart gjennombløytt. Spesiell apparat er sett inn for å tørke huset

oppatt, men optørkinga har vore vanskeleg på grunn av kulden.

Når barneparkeringa kanta til att, veit vi ikkje for visst. Det vert kunn-gjort i preikkelistene (i pressa) og på gudstenestepublikatane.

Glimt frå «Pensjonisttreff» i trygdebustadane i Ytre Arna

Annankvar fredag kl. 16.30 — 18.30 er det «pensjonisttreff» i trygdebustadane. Der er alle pensjonistar velkomne til ei andaktsstund og elles litt variert program i ufhøgjudelege former. Ja, og så kaffikos, — ikkje å forgløyma!

Ansvarlege for «pensjonisttreff» er diakonklokkaren og presten saman med Ingrid Garnes og Angunn Hope og unge frå ungdomsklubben «Kefas» i Ytre Arna.



Håkon Ytrearne serverer vinerbrød.



Det ser ut som det smakte!



Ein mjølkekartong tener som kollekt-skål til å samle kaffipengane i. Det heldt seg med ei krone på kvar påstår presten.



Så samlast vi til ei andaktsstund.

Familieside



ARNA SOKN

DØYPTE:

- 30/11: Trine Nordanger, Inger Johanne Jenssen, Elin Høgstein, Therese Gjerald.
05/12: Tord Unneland, Tore Tunestvedt, Marita Eikefet.
14/12: Odd Øivind Meland.
21/12: Gaute Andre Nesse Hasti, Jahn Audun Marøy.
03/01: Jermund Trettenes, Randi Lothe.
18/01: Kristin Njaastad, Cecilie Guttormsen.
25/01: Ole Gunnar Hitland, Richard Walden, Tore Walden, Ingrid Miljeteig.

VIGDE:

- 05/12: Gunnar Kjelby og Evelyn Fosse.
12/12: Arne Elling Hammersland og Bjørg Ingeborg Solheim.
03/01: Roald Mjåtveit og Anne Grethe Kallekleiv.

AVLIDNE:

- 22/11: Harald Emil Vedå.
02/12: Anton Skulstad.
05/01: Jens Olaf Berg.
05/01: Sara Midtun.
16/01: Ingvald Hauge.
16/01: Fredrik Minde.
26/01: Karl Kristian Romslo.

YTRE ARNA SOKN

DØYPTE:


- 30/11: Bodvar Duesund, Rita Stokke.
05/12: Thomas Djønne (Arna).
24/12: Ken Hugo Lien.
25/12: Marianne Kvitnes, Ingvild Eide.
25/01: Kay Morten Larsen.
01/02: Anita Gunnarskog.
08/02: Anette Fotland, Hege Kristin Hvidsten Haugland (Arna).

AVLIDNE:

- 09/12: Mons Johnson (Aasheim), f. 1888.
07/01: Bergljot Uthaug, f. 1923.
11/01: Johan Kristian Haugland, f. 1890.
12/01: Karen Vevie, f. 1902.

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

- Begravelser og bisettelser ordnes
- Transport med egen bil
- Annonser, sanger, sløyfer
- Monumenter besørges oppsatt

Espeland Gartneri

Telefon 240809

- Blomsterforretning
- Hagesenter
- Kransebinderi



**Vår nye mann
i Arna
— OLAV A. HOVDEN —**

har flere års erfaring i forsikring
fra våre selskap.

Han er kjent i Arna, bl. a. gjennom tidligere jobb ved Arna
Bruk A/S.

De kan trygt la Hovden bistå Dem når det gjelder både skade
— og personforsikring ..

Storebrand·Fidun

Forsikringshjernet — Rådstuplass 2/3.
5000 Bergen.

Telf. 31 16 20 — Privat 28 08 11.

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA VARESA LG A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.

Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.

Velkommen til en hyggelig prat

omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSKTIKIESELSKAPET
VESTA  **HYGEA**
LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 24 07 00

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss

De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Velkommen til kyrkje ✠

PREIKELISTE FOR ARNA

- 29/02: Arna: Res. kap. Fykse. Barnevakt.
Trenge Reid: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd.
- 07/03: Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd. Barnevakt.
Kl. 19.00 ungdomsgudsteneste ved Halle Tvedt.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.
- 14/03: Arna: Res. kap. Fykse og utsending frå NMS. Barnevakt.
Ytre Arna: Sokneprest Halle Tvedt og utsending frå NMS.
- 21/03: Arna: Sokneprest Halle Tvedt. Nattverd. Barnevakt.
Trenge Reid: Res. kap. Fykse. Nattverd.
- 28/03: Sokneprest Halle Tvedt. Misjonærinnviing. Offer til NMS.
Barnevakt.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse.
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved Fykse.
- 04/04: Res. kap. Fykse. Nattverd. Barnevakt.
Kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste ved Fykse.
- 11/04: Arna: Sokneprest Halle Tvedt.
Ytre Arna: Res. kap. Fykse. Nattverd.

Blomar til alle hjem!

Utplantingsplanter i rikt utval.

TRYGVE GARNES,

Gartneri — Telefon 24 04 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.